

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Kystverket Vest  
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 23.12.2016  
Vår ref.: 2016/34919-3  
Saksbehandlar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## Lingalaks AS org. nr. 960900626 - Søknad om utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 22.12.2016 frå Lingalaks AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) og endring og flytting av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 14018 Toska Sør i Radøy kommune.

Lokalitet 14018 Toska Sør er godkjent for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 1560 tonn. Godkjent anlegg består av eit kompakt stålanlegg med 6 bur, samt ein forflåte. Samla nyttar noverande installasjonar omlag 6 dekar overflateareal.

Lingalaks AS søker no om ny lokalitet om lag 500 meter lenger sør. Dette anlegget skal kome til erstatning for eksisterande lokalitet Toska Sør. Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av 10 rammebur a 100x100 meter i 2 rekker. Omsøkt areal er om lag 100 dekar. Fôringsflåten er søkt plassert nordvest for merdanlegget. Kartet under syner omsøkt anleggsplassing.



Verksemda søker om utviding i MTB i anlegget frå 1560 tonn til 3620 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lingalaks AS følgjande: «*Bakgrunnen for søknaden om endring av posisjon for anlegget er for å gje betre miljøtilhøve på lokaliteten for å tilpasse oss tiltakspakke mot sjukdom, som er føreslegen. Vedlegg 6.3.1 viser bakgrunn for risikovurdering angående posisjonering av anlegg langs kontra på tvers av strømreretning. I soneinndelinga som er iverksatt kjem Toska S til å bli ein svært viktig lokalitet for Lingalaks AS, og ved endring av posisjonen vil dette medføre at vi kan optimalisere drifta ytterlegare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn – alt ut" produksjon mest mogleg hensiktsmessig. Dette er ei plassering som gjev optimale miljøtilhøve og vil gje vinst mhp fiskehelse og motstand mot parasittar i anlegget. Etableringa av framtidretta anlegg mhp å tilfredsstilla krav i komande forskrifter, vil også klart vera med å leggja tilhøva til rette for viltlevande bestandar. Tilpassing til soneinndelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmogelegheitene for nærliggjande lokalitetar og næringa.*»

I kommuneplan for Radøy 2011-2023 vedteke 29.09.2011 er anleggsplasseringa hovudsakleg omsøkt i område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon. Seks fortøyingar med ankerfeste mot nordvest er tenkt plassert i areal avsett til akvakultur.

Sidan akvakultur er sidestilt med dei andre føremåla i dette fleirbruksområdet er det ikkje trong for ein eigen søknad om dispensasjon, men kommunen bør vurdere verknaden av tiltaket opp mot dei andre fleirbrukskategoriane i området. I arbeidet med arealplanen er det gjennomført kartlegging av dei viktigaste områda og brukarinteressene som eventuelt vil kome i konflikt med akvakulturnæringa, og i det omsøkte området er det i stor grad opp til kommunen som planmynde å prioritere korleis areala skal brukast.

Tilsaman fire fortøyingar mot sørvest går inn i Meland kommune. Dette område er i kommuneplan for Meland 2015-2026 vedteke 26.08.2015 avsett som kombinerte føremål i sjø. Føremålet er ferdsel, fiske, akvakultur og friluftsliv (FEFIKFR\_1). Inngrep eller tiltak skal vurderast som enkeltsaker. Dei kombinerte føremåla gjeld likestilt der anna ikkje er nemnd. I føresegn til arealkategorien står det at tiltak eller inngrep kan ikkje tillast på stader som kjem i konflikt med fiske-, ferdsel-, friluftsliv- eller akvakulturinteresser.

Dokumentasjon av miljøtilhøva i området ligg ved søknaden. Det er gjennomført miljøgranskingar i form av ein førehandsgransking etter revidert standard NS9410:2016, og det er utført straummålingar på lokaliteten. I tillegg er ytterlegare dokumentasjon til søknaden som vurderer arealkonflikt med anna bruk og interesse i området, samt i kva grad det vil vere verknader for miljø og samfunn i høve til naturmangfaldlova og regelverket om konsekvensutgreiing utført.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriterier i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Radøy og Meland kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunane vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Lingalaks AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Lingalaks AS